

ÅRSMELDING 2025

Knarvik sokneråd



Godkjent av Knarvik sokneråd 04.03.2026

1. STRATEGIPLAN FOR KNARVIK SOKN 2025-2027

Visjon:

Kyrkja vår – ei bru mellom folk og tru.

Målsetting:

Vi ønskjer ei kyrkje

- der trua på den treeinige Gud kan vekse
- med gode møteplassar/fellesskap der alle kan kjenne seg velkomne
- med eit variert kulturtilbod
- der frivilligheita blomstrar
- som gir god og målretta bibelformidling til alle aldersgrupper

Gudsteneste

- Engasjere fleire til å delta i gudstenestene, særleg barn, unge og familiar.
- Meir aktiv deltaking av konfirantar og andre unge.
- Legge til rette for temagudsteneste ein gong pr. semester.
- Meir deltaking av kor/musikkinnslag på gudstenestene.
- Etablere forsongarteneste.
- Samarbeid med kulturskulen.

Frivilligheit

- Kartlegging av frivillige og deira oppgåver. Lage plan for rekruttering, registrering og oppfølging av frivillige.
- Soknerådet arrangerer, i samarbeid med staben, fest for frivillige medarbeidarar ein gong i året.
- Marknadsføringsdag på Knarvik senter.
- Inspirasjonssamling for frivillige medarbeidarar i ulike arbeidsområde i kyrkjelyden.

Kyrkjelydsarbeid

- Kyrkjelydstur eller blåtur ein gong i året.
- Salmekveld/temakveld 2-3 gonger i semesteret.
- Legge til rette for fellesskap i bibelgrupper/husgrupper.

Økonomi

- Innsamlingsaksjon til Knarvik kyrkje, t.d. årleg bursdagsfeiring med kafé, åresal m.m.
- Aksjon for å få fleire gjevarar.
- Støtte opp om økonomiutvalet sitt arbeid.

Barn og unge

- Vidareutvikle tilbodet til ungdom.
- Etablere tilbod for ungdom på 8. trinn.
- Engasjere barn og unge til i større grad å delta i gudstenester og anna kyrkjelydsarbeid.
- Vidareutvikle søndagsskulen.

Misjon

- Synleggjere misjonsprosjekta i gudstenestene.
- Støtte opp under misjonsutvalet sitt arbeid.

Kyrkjemusikk

- Bidra til å oppretthalde eit høgt nivå på kyrkjemusikken, på gudstenester og andre tilstellingar.
- Støtte og vidareutvikle det gode korarbeidet i kyrkjelyden.

Diakoni

- Utarbeide diakoniplan for Knarvik sokn.

Oppfølging

Soknerådet har strategiplanen på saklista ein gong pr. år og gjer opp status.

Soknerådet oppmodar staben om å la planen vere tema på stabsmøte ein gong i året.

Vedtak i Knarvik sokneråd 17.02.2025

2. KNARVIK SOKNERÅD pr 31.12.25

Hildur Løkken Lillestøl	Leiar
Håkon Glatved-Prahl	Nestleiar
Helge Haugland	Representant Alver kyrkjelege fellesråd
Monika Bøkevoll Aarland	Vararepresentant Alver kyrkjelege fellesråd
Svein Arne Hatlevik	Medlem
Arthur Fondenes Kleiveland	Medlem
Birte Therese Nilsen	Medlem
Karoline Vemøy Sundsbø	Medlem
Kåre Jordal	Medlem
Margrethe Myksvoll	Medlem
Berge Toppe	1. vara
Åge Clausen	2. vara
Rune Landsvik	3. vara
Lillian Berentsen	4. vara
Mona Langenes	5. vara
Cathrine Grutle	Geistleg representant
Tone Marit Øvretveit Dyrkolbotn	Vara for geistleg representant

Arbeidsutvalet, som består av leiar, nestleiar og sokneprest, har hatt møte i forkant av kvart soknerådsmøte.

Knarvik sokneråd har hatt 8 møte og handsama 46 saker.

Saker som soknerådet har jobba med i 2025:

- Budsjett, årsmelding, rekneskap, fordeling av takkoffer
- Strategiplan
- Supplering utval og nemnder
- Tilsetting kyrkjelydspedagog – uttale – intervju-utval

- Uttale ny dagleg leiar
- Gudstenesteforordning
- Orientering om konfirmantarbeidet
- Middelalderdøypefont i Alversund kyrkje – plassering
- Bispevisitas – program – visitasmelding – utfordringar frå biskopen

3. DEI TILSETTE MED TENESTE I KYRKJELYDEN 2025

Bjørn Furukawa	Kyrkjetenar	100 % stilling
Cathrine Grutle	Sokneprest	100 % stilling
Kristin Gilje Vestbøstad	Kyrkjelydspedagog	60 % stilling frå 18.08
Nina Jenny T. Monstad	Kateket	100 %
Odd Leif Mjøs	Kantor	100 % stilling
Synnøve Bjørndal	Dagleg leiar og prostesekretær	80 % + 20 %
Tone Marit Øvretveit Dyrkolbotn	Spesialprest	100 % stilling Delvis permisjon
Øystein Skauge	Vikar for spesialprest	
Bente Cathrine Sørheim Vetvik	Vikar for kyrkjelydspedagog frå 20.08.24 til 31.05.25	50 % stilling
Bente Cathrine Sørheim Vetvik	Vikar konfirmantmedhjelpar m.m. betalt av bispedømet frå aug. -25	30 %
Hildur Løkken Lillestøl	Vikar våren 2025	timeliste

Grunna oppseiing var vi utan kyrkjelydspedagog frå nyttår 2025.

Tone Marit Øvretveit Dyrkolbotn tok hovudansvar for konfirmantarbeidet for 2024/2025-kullet. Nina Jenny Monstad jobba 20 % ekstra. Hildur Løkken Lillestøl var engasjert som leiar for Fredagsklubben våren 2025 og Bente Cathrine Sørheim Vetvik var vikar i 50 % stilling.

Nina Jenny Monstad har hatt 80 % stilling, men har jobba 100 % heile året. Frå 01.06.25 fekk Nina Jenny fast 100 % stilling med ansvar for konfirmantarbeidet og overordna ansvar for barne- og ungdomsarbeidet.

Det vart lyst ut ei 60 % stilling som kyrkjelydspedagog med ansvar for aldersgruppa 0-12 år. Kristin Gilje Vestbøstad vart tilsett i denne stillinga frå 18.08.25.

Tone Marit Øvretveit Dyrkolbotn har hatt delvis permisjon frå august. Ho har jobba 15 % og har hatt kveldsgudstenester og nokre andre oppgåver.

Soknerådet engasjerte 4 ungdomar som medhjelparar på KyrkjeGym og Fredagsklubben våren 2025 og 2 ungdomar på Fredagsklubben hausten 2025.

Magne Bjørndal er prostiprest/seniorprest i 50 % stilling i prostiet. Han vart pensjonist 01.01.26. Det var avskjedsgudsteneste 23. november.

Prost Helge Taranrød har kontorplass i Knarvik kyrkje.

4. LIKESTILLING/DISKRIMINERING

Det er 5 kvinnelege og 5 mannlege medlemmar i soknerådet.

Av dei faste fellesrådstilsette er det 3 kvinner og 2 menn.

Det har ikkje vore spesielle tiltak for å fremme likestilling, men ein tek omsyn til kjønn og geografi når ein finn kandidatar til val av sokneråd.

Det er ingen aktivitetar, tilbod, verv eller stillingar kor det er skilje mellom deltakarar basert på eitt eller fleire diskrimineringsgrunnlag.

5. STATISTIKK

	2025	2024	2023	2022	2021	2020	2019	2018	2017	2016
Gudstenester søn- og heilagdag	83	81	78	90	102	95	89	91	96	96
Gjennomsnittleg frammøte	94	106	94	73	49	64	124	124	127	128
Gjennomsnittleg nattverddeltaking	44	45	45	41	30	50	56	66	61	55
Dåp	64	62	69	69	63	59	71	57	84	73
Konfirmantar	89	89	71	62	89	74	67	84	70	76
Vigsler	18	14	10	16	10	14	15	17	16	8
Gravferder	52	61	56	48	54	49	63	45	59	62
Innmelde	10	10	10	5	6	1	5	4	3	3
Utmelde	25	27	26	23	25	23	30	15	31	51

6. GUDSTENESTER

Gudstenestene har i hovudsak følgt den vanlege turnusen med gudsteneste i Knarvik kyrkje kvar søndag. I Seim kyrkje har det vore gudsteneste 2. søndag i månaden. Siste søndag i månaden har det vore gudsteneste i Alversund kl. 11 og kveldsgudsteneste i Knarvik kl. 19. Det har vore familiegudsteneste ein gong i månaden. Lygra kyrkje har ca 5 gudstenester i løpet av året.

Pinsedag var det felles familiegudsteneste for heile soknet i Lygra kyrkje, med quiz under kyrjekaffien og ute var det ulike aktivitetar, mellom anna hesteskokasting. Flott innsats frå kyrkjelydsutvalet i Lygra!

På solidaritetsgudstenesta i august var det Tommy Urhaug som var gjest i sofasamtalen.

Andaktar på sjukeheimen

Det vert arrangert andakt på Knarvik sjukeheim kvar 14. dag. Dei som kjem, set særleg stor pris på musikken. Ved behov besøker vi dei som ikkje kjem seg ut på andakten og har ei kort andaktsstund for dei. Beteninga veit at prestane er tilgjengelege for samtale og soknebod, og tek kontakt ved behov.

KVARDAGSGUDSTENESTER I ALVERSUND

2025 var tredje året på rad at det vart arrangert kvardagsgudstenester i Alversund kyrkjelydshus. Den andre måndagen i månaden, kl. 14.00, har det vorte arrangert 9 gudstenester gjennom året.

Til saman møtte det fram 233 personar, eller eit snitt på 25,8 deltakarar kvar gong. Det er marginalt fleire enn året før. Den best besøkte gudstenesta hadde 40 frammøtte, og den med minst 18 personar. I forlenginga av gudstenesta er det alltid ei sosial samling med kyrkjekaffi. Det høyrer òg med ein kollekt til arbeidet. I fjor utgjorde dette til saman ca. 10.000 kr. som går til Kyrkjelydshuset.

Ein av dei som tek det tyngste ansvaret for å gjennomføre desse gudstenestene, er Kåre Jordal, i lag med kona Torunn. Han har skrive eit lite innlegg med personleg vri, som vi her gjev att i litt forkorta form. Det handlar om gudstenesta vi hadde i adventstida i fjor: *I kyrkjelydshuset kjem det dukar på borda og «alterbordet» får duk, bibel og to gode lysestakar. Borda vert dekkja og pynten kjem på plass – det begynner å likna adventsfest det her. Lydanlegget vert sjekka og «myggen» starta opp. Heile komiteen er på plass og så kjem presten for i dag, Idar, blid som alltid. Den faste organisten vår, Rune, kjem og i god tid. På kjøkkenet er Tove og Torunn i full gang med førebuinga til kyrkjekaffien. Borgny har nok ein gong kome med sin gode bakst og kakefata vert klare og kaffien er på kok. Og jammen - der kjem Grethe med ein stor boks krumkaker i år og! Klokka to er Idar og Rune klare til å starta. Rune med eit fint preludium og Idar med velkomstorda. Preika er over Johannes 14 som var søndagens tekst. Etter gode salmar, truvedkjenning og fadervår fekk me velsigninga ved presten. Så er det kyrkjekaffi med gode kaker og god prat. Ein meir eller mindre fast post er og anledning til å koma med kommentarar/spørsmål til preika.*

7. BISPEVISITAS

22.-26. oktober var det bispevisitas i Lindås og Knarvik sokn.

Program:

Onsdag 22. oktober: Felles stabsmøte, samtalar med kyrkjevevje, fellesrådleiar og tilsette, «Kvilepuls – song og samtale i kyrkja» i Lindås kyrkje.

Torsdag 23. oktober: Morgonbøn i Hundvin kyrkje, spørretime 1.-4. klasse på Lindås skule, samtale med tilsette, besøk i Myking kyrkje og munketrappene, samrådsmøte for sokneråd og tilsette i begge sokna.

Fredag 24. oktober: 10. trinn på Knarvik ungdomsskule, møte med kommunen, besøk på NMS Gjenbruk, gudsteneste/møte med prestane i prostiet i Alversund kyrkje, besøk på nøkkelstader for Kystpilegrimsleia – Seim kyrkje/Håkonshaugen og Lygra kyrkje, middag på Lyngheisenteret, followme i Knarvik kyrkje.

Søndag 26. oktober:

Visitasgudsteneste/familiegudsteneste (NONSTOP, SingSingeling/SingOut og Alversund kammerkor deltok), visitasforedrag og aktivitetar for barna, kyrkjekaffi.



Klipp frå Kyrjekontakten nr. 3-2025. Tekst: Arthur Kleiveland og Håkon Glatved-Prahl:

– Inntrykka er overveldande. Det har vore fine dagar her i Alver. For meg har det vore spennande å sjå og oppleva alt det positive som skjer i kyrkja sin regi.

Det er oppsummeringa til biskop i Bjørgvin, Ragnhild Jepsen, etter visitasdagane i Knarvik sokn og Lindås sokn i slutten av oktober.

Og det var eit tett program biskopen vart servert i begge sokna. Ho var mellom anna innom alle dei fire kyrkjene i Knarvik sokn, hadde samtale med alle prestane, møtte ordføraren og kommunedirektøren i Alver, var på skulebesøk, besøkte NMS Gjenbruk, fekk presentert kva Lyngheisenteret har å tilby, før det heile vart avrunda med visitasgudsteneste i Knarvik kyrkje – som attpåtil var ei familiegudsteneste.

– Det er inspirerande for meg som biskop å få oppleva alt det gode arbeidet som skjer her i bygdene. Eg er blitt møtt med forventning over alt. Ikkje berre ei forventning om kva eg kan bidra med, men ei forventning om kva vi kan få til i fellesskap. Korleis vi gjensidig kan inspirera kvarandre for det framtidige arbeidet.

På historisk grunn

På ei kveldssamling i Knarvik kyrkje møtte biskopen medlemene i soknerådet i dei to sokna. Under prost Helge Taranrød si leining vart det presentert og utveksla idear for gudstenestelivet, korleis få fleire frivillige med på dei mange aktivitetane som skjer, og korleis utvikla arbeidet med born og unge.

Eit besøk på Håkonshaugen på Seim var også på programmet. Der orienterte Marit Konglevoll biskopen om historia frå Håkon Haraldson si tid. Og at Håkon Den Gode truleg er gravlagd der. Etterpå bar det inn i Borgstova og til slutt innom Seim kyrkje.

Seinare på dagen drog følgjet, beståande av sokneprest Cathrine Grutle, prost Helge Taranrød og biskopen vidare til Lygra og Lyngheisenteret.

– Lygra var heilt nytt for meg. Det var flott å koma inn i kyrkja og deretter få oppleva Lyngheisenteret. Når du er på Lyngheisenteret, forstår ein verkeleg korleis folk har levd opp gjennom tidene, frå 5000-6000 år sidan og fram til vår tid. Det å få ei innføring i korleis folk lever, bur og trur, gjer alltid inntrykk, seier biskopen til kyrkjebladet sin utsende.

Opp til munnleg eksamen

Biskop Ragnhild var også opp til «munnleg eksamen» på eit par skulebesøk. På Lindås var det elevar i 1.-4. klasse som sette biskopen på prøve med sine mange gode spørsmål. Her fekk ho også møta barnekoret NONSTOP, som har øving på skulen i SFO-tida.

Og nettopp «nonstop» kunne vera overskifta på biskopen sitt omfattande visitasprogram. Ho fekk også eit møte med 10. klassingane på Knarvik ungdomsskule.

- For ein gjeng kloke og reflekterte ungdommar de har. Det er alltid inspirerande å møta dei, og kjekt å sjå kor opptatt dei er av både tru, vitskap og religionsdialog, sa biskopen i visitasføredraget.

Ho ser det som eit teikn på tillit at biskopen og følgjet får koma inn i skulane.

- Det tyder på at dei tilsette i stabane som har dette området som sitt ansvar, gjer det med kompetanse og kløkt, og bygger gode relasjonar.

Ho fekk stadfesta at det er eit godt og tillitsfullt forhold mellom kyrkje og skule, både på Lindås og i Knarvik.

- Samtalen med rektor på ungdomsskulen gav innsikt i utfordringar som også er kyrkja sine, og desse må de ikkje leggja bort, men samtale om også i tida som kjem, seier biskopen.

- Mykje å bidra med

Ho er opptatt av kyrkja si rolle som verdiberar og kulturberar, men òg av kyrkje si rolle knytt til beredskap.

- Der har vi mykje å bidra med, og det blir godt motteke, seier biskopen etter møte med kommuneleiinga i Alver.

Ho rosar både Knarvik og Lindås sokn for satsinga på barn og unge, og ho framhevar mellom anna followme-nettverket, der ungdommar gjer ein viktig innsats som leiarar i barne- og konfirmantarbeidet i sokna.

Bjørgvin-biskopen kom med følgjande utfordring:

- Ver frimodige og tenk korleis de kan vere truverdige medaktørar som kyrkje i lokalsamfunnet.

Biskopen er også glad for satsinga på frivillige – dei frivillige er nøkkelen til framtidens kyrkje, slår ho fast.

8. MELDING OM ARBEIDET

8.1. TRUSOPPLÆRINGSTILTAK

Arbeidet for og med barn og unge er i stadig utvikling. Etter kvart som me utvida breiddetiltaka, erfarte me også at det blei mindre fokus på gudstenestene og storfellesskapet. Breiddetiltaka blei «hendingar» som kravde mykje ressursar, møta mellom små og store i kyrkjelyden blei færre, og opplevinga av fellesskap like eins. På bakgrunn av innspel frå stab, samt revidert Plan for kyrkjeleg undervisning og læring (2024), støtta barne- og ungdomsutvalet ein prøveperiode med meir fokus på søndagen, gjennom oftare søndagsskule og vidareføring av familiegudsteneste éin søndag i månaden.

Erfaringane er positive så langt.

Over tid har me også hatt fokus på tettare samarbeid med kontinuerlege tiltak, bl.a. ved å invitere barnekora og speidar til å delta på éi familiegudsteneste kvar, i året (Her fylgjer vi eit årshjul). Samarbeidet inneber at born og unge har jamne tilbod om samlingar i kyrkjelyden. Meir fokus på søndagen inneber mindre fokus andre dagar. Me har kutta KyrkjeGym for 1-3-åringar torsdagar, og tona ned LysVaken 11 år og Tårnagent 8 år, men styrka Fredagsklubben (5.-7. klasse). KyrkjeMiddagen er flytta til søndag, nettopp for å fremme storfellesskapet. Breiddetiltaka Babysong (0-2 år) og utdeling av Mi Kyrkjebok for 4-åringar, fortset som tidlegare.

8.2. KONFIRMANTARBEIDET

Gjennom konfirmantåret er det ulike samlingar: Gruppesamlingar, fellessamlingar og gudstenester. Gruppesamlingane har to hovuddelar. Først er det ei minigudsteneste med interaktive konkretar. Me brukar Kristuskransen som pedagogisk verktøy, og tar perle etter perle inn som hovudfokus for minigudstenesta. Kvar gong slår me opp i Bibelen, og brukar Kristuskransen aktivt. Deretter er det temasamling, der konfirmantane kan velje mellom hobby, friluftsliv eller Q&A (spørsmål og svar). Eksempel på fellessamlingar er seminar, leir og festival. Gjennom konfirmantåret skal konfirmantane delta på minst ni gudstenester.

Opplegget har me utvikla over fleire år. Både konfirmantar og medarbeidarar har mange gode erfaringar med kombinasjonen av minigudsteneste med utgangspunkt i Kristuskransen, og temagruppe etterpå.

I tillegg til ordinær undervisning har konfirmantane to seminar:

Eit sorgseminar rundt allehelgensdag. Då er ein i «Nattperla» i Kristuskransen.

Temaet er sorg, død og sorgreaksjonar, m.a. Her har me dei siste åra invitert inn gravferdsbyråa i Nordhordland, slik at seminaret er todelt: prest fortel først litt om kyrkja si rolle ifbm. dødsfall, inkl. beredskap, seremoniar, osv., og så fortel byråa om deira rolle. Konfirmantane får sjå ei kiste, kva som er oppi den, og ein bårebil. Me er takksame for godt samarbeid med gravferdsbyråa våre!

Det andre seminaret er ifbm. fasteaksjonen og vert halde av Kirkens Nødhjelp. Då er ein i «Offerperla» / «Den andre kjærleikspærla» i Kristuskransen.

8.3. LEIARTRENING FOR UNGDOM/FOLLOWME

Det er felles leiartrening for ungdom i Knarvik, Meland, Lindås, Radøy og Osterfjorden sokn for ungdom frå 10. trinn. Det er godt å jobba saman om dette! Nå bruker ein followme-opplegget frå NMS. Det har vore ein fast gjeng på 4-5 deltakarar som har vore med på desse samlingane. Frå våren 2026 vert tilbodet utvida og ein ønskjer alle frå 8. trinn velkommen.

8.4. SAMARBEID BARNEHAGE – SKULE – KYRKJE

Dei siste åra har me utvikla eit tettare samarbeide mellom barnehagane, skulane og kyrkja i Knarvik sokn. Før jul kvart år kjem alle barnehagane på julevandring i kyrkja. Det er skulegudstenester frå 1.-10. trinn for alle skulane. I tillegg er det påskevandringar for 3. trinn, BibelQuiz for 5. trinn (vart ikkje gjennomført i 2025), og Kristne overgangsritual gjennom livet for 6. trinn. Rektorane på dei ulike skulane og tilsette i kyrkja, møtest til samtale og evaluering av samarbeidet, éin gong i året.

8.5. ANDRE TILBOD TIL BORN OG UNGE

Fredagsklubb

Fredagsklubben er eit klubbtilbod for 5.-7. klasse. Her vert det kjekke aktivitetar, leik, prat, spel, andakt og kiosk. I 2025 hadde fredagsklubben totalt 15 samlingar. På vårhalvåret hadde klubben i snitt 15 deltakarar, og på hausthalvåret hadde klubben i snitt 24 deltakarar på samlingane – ein kjekk utvikling for fredagsklubben! Me har i haust arbeidet med å involvera foreldre i fredagsklubben. Så langt er det nokre få foreldre som har vært med ein kveld eller to. Me ønskjer å arbeide vidare med å engasjere foreldre i klubben i 2026, da me treng fleire leiare på klubben for å ha kapasitet til å drive eit godt og variert aktivitetstilbod, samt møta deltakarene på ein god måte.

KFUK/M-speidarane

KFUK-KFUM-speidarane Alversund er rundt 70 aktive speidarar, dvs born og ungdommar i alle klassetrinn, 1.-10. klasse. I tillegg er foreldre engasjerte, og mange leiarar tar ansvar for samlingane i dei ulike samlingane. Speidargruppa er ei av dei største i Vestland fylke. Dei fem viktigaste verdiane for KFUK-KFUM-speidarane er kristen tru, friluftsliv, personleg utvikling, fellesskap og samfunnsengasjement.

8. trinnsamling

Hausten 2025 har Therese Hystad Aakre hatt samlingar annankvar onsdag for ungdommane som har gått i Sing Out, og som kjenner seg for store til å gå i barnekoret. Kristin Gilje Vestbøstad har vore med på nokre av samlingane.

Samlingane har vore i kyrkjekjellaren i Knarvik kyrkje etter skuletid, med middag, og deretter song/leik/drama og bandøving. Det har vore mellom 12-15 ungdommar på samlingane. Dei var medhjelparar på julespelet, og dagane før. Dei skal på ungdomstur til Fjon fjellkyrkje i slutten av januar.

8.6. KOR-ARBEID

Knøttekoret

I løpet av året 2025 har det vore ca 90 barn innom Knøttekoret. Det er 40-45 barn i gjennomsnitt på kvar øving. I tillegg til borna er det minst med ein vaksen pr barn, men gjerne fleire, både foreldre, besteforeldre og søsken.

Vi har hatt 18 øvingar dette året, inkludert to avslutningar der slekt og venner var invitert. På avslutningane kan vi vere opp mot 200 i kyrkja. Vi har deltatt på to familiegudstenester – ei haust og ei vår.

8. januar 2025 starta året med gudsteneste og bursdagsfest for oss sjølve. Vi blei 10 år. Her inviterte vi gamle medlemmer.

På slutten av året, 28. nov, deltok dei eldste i Knøttekoret på ein konsert til inntekt for Knarvik kyrkje. Vi song då saman med SingSingeling.

Knøttekoret er for førskulebarn frå 2-3 år. Det krev struktur, variasjon og aktivitet for å engasjere så mange små born. Vi har ei fast ramme med sang, aktivitet med Shelly (maskot) og avslutning med kort bibelhistorie og kveldssang.

Hausten 2025 fekk vi med oss to til i orkesteret, to foreldre. Dette var veldig kjekt, og har heva songen på øvingane.



Sing Singeling/SingOut

Kora har hatt fleire songoppdrag, med m.a. deltaking på storkonsert med Bjarte Leithaug i Knarvik kyrkje, veldedighetskonsert i Knarvik Kyrkje, og til slutt julespel i Knarvik kyrkje.

Haustrerminen vart travel. På vårparten deltok vi på Alversunddagane, og hadde konsert saman med Bjarte Leithaug i Alversund kyrkje. Vi hadde også vårkonsert i Alversund kyrkje. I februar deltok vi på Alversund kyrkjelydshus sin årlege basar.

Det vi ser som viktigast, er å skape gode og innhaldsrike øvingar for borna, då det er kontinuiteten ved den faste øvinga som syner seg som mest verdifull for borna. Øvingane har fast ramme med oppvarming, innlæring av 1-2 nye songar, kort andakt v/Helle, ev. ein dans. Øvinga inneheld alltid ein leik, og ca. to gongar i semesteret har vi kveldsmat. Øvinga vert alltid avslutta med avslutningssong og velsigninga i sirkel.

Knarvik Gospel

Knarvik gospel har hatt øvingar 2. kvar torsdag. Vi hadde korkafé 20. mars i Knarvik kyrkje saman med Te Deum frå Ostereidet. 21. september song vi på NMS sin misjonsfest på Frekhaug bedehus. Den 18. oktober hadde vi ein konsert i Knarvik kyrkje saman med koret

Ichtus frå Stord. 28. november deltok vi på dugnadskonsert i kyrkja. Elles har me sunge på eit par kveldsgudstenester i Knarvik kyrkje.

Alversund kammerkor

Koret øver ein gong per veke gjennom året. Våren 25 vart det i tillegg nokre ekstra øvingar i samband med fellesprosjektet med Seim songkor, framføring av Brahms Ein deutsches Requiem. Storparten av koret sine medlemmar var med på dette, med framføring i april. I samband med Alversunddagane hadde vi konsert med songar frå "Visst skal våren komme". Haustsemesteret vart brukt til å øve til framføring av Händels Messias 23. november. Koret har også delteke på gudstenester m.a. ved visitasgudstenesta i oktober. Og vi avslutta året med ein julesalmekveld i Lygra kyrkje.

8.7. KONSERTAR/KULTUR

I 2025 var det 49 konsertar i kyrkjene våre, av desse var 37 utleigekonsertar. Vi har mange faste aktørar som kjem tilbake kvart år. Etter at nytt flygel kom på plass i Alversund kyrkje, har det vore ekstra mange konsertar der.

I mars hadde Bergen Filharmoniske to konsertar for barnehagebarn og Nordhordland Rotary Klubb arrangerte stor solidaritetskonsert for Ukraina. Elles har SKRUK, Nordic Tenors og Jon Martin Skauge hatt konsert i løpet av året. Bjarte Leithaug arrangerte stor barnekorfest i november saman med fleire av barnekora i området.



I samband med kyrkjemusikkdagar i Alver 23. - 26. september, var det to arrangement i Knarvik kyrkje:

- Salmekveld med markering av 100-årsjubileum for Nynorsk Salmebok som kom ut i 1925. Kyrkjelyden fekk synge frå den gamle salmeboka i lag med Alversund kammerkor.
- Laurdag 27. september vart det feira at orgelet i Knarvik kyrkje er 10 år med flott konsertprogram med Sigurd Melvær Øgaard.

Tradisjonen tru var det Pensjonistseminar i samband med KnarvikMila og seminar under UngdomsMila. Nytt av året var seminaret Seniorhelsa og Nordhordland Begravelsebyrå inviterte til Post Mortem. Ein kveld om døden.

8.8. GALLERI PETERSPLASSEN / KULTURDAGAR

Økonomiutvalet har hatt 7 møte i 2025, eitt av dei var sammøte med arrangementskomitéen.

Ei hovudsatsing for utvalet har vore opning av Galleri Petersplassen og kultur dagar. Annfrid Leikvoll hadde utstilling 24. april – 1. mai og Alfred Vaagsvold 28. nov. – 1. des. Her har ein hatt samarbeid med Knarvik barneskule, Alver kommune, Nordhordland Kunstlag og Alversunddagane, samt at Kjersti Wiik og Einar Vatne var sentrale i arbeidet med ein flott konsert 28.11. Kveldsgudstenestene under kultur dagane hadde god tilslutning, med kyrkjekaffi på Galleri Petersplassen. (Foto: Yvonne Ce. Jordal)



Kultur dagane har gitt ca. 30.000 i overskot og det har vore ca. 600 frammøtte.

Økonomi er viktig for økonomiutvalet, men best av alt: Fleire vitja kyrkja, kyrkja vart ved fleire høve profilert i lokalpressa med fokus på auka kontakt mellom folket og kyrkja!

8.9. KYRKJEKLUBBEN

Kyrkjeklubben er eit tilbod for menneske med utviklings-hemming i Alver. På programmet står aktivitetar på kyrkjetorget, kveldsmat og samling i kyrkjerommet. Kyrkjeklubben har hatt 9 samlingar i løpet av 2025. Tilbodet er eit samarbeidsprosjekt med Osterfjorden sokn.

8.10. KULTURKAFÉ

Kulturkafeen i Knarvik kyrkje har dette året hatt 9 kafésamvær. Fem på våren og fire i haust. Det har vore mellom 35 – 60 frammøtte på samværa. Vi har markert faste, påske, advent (Lucia) og 17. mai på samlingane gjennom aktivitetar, samtale og tradisjonell mat.

I år har vi hatt opplegg med fokus på eit land. Ukrainsk kveld v/ Larysa og Vladyslov Pavlenko, Kurdisk kveld v/ Tahir Mawiannajad og Laila Rasulian, Syrisk kveld v/ Firas Aoun. På programmet sto innlegg, sang, leikar frå kvart land og på menyen stod nasjonale rettar. Det var fleire frivillige medhjelparar frå kvart av desse landa. Kjekt, interessant og viktig. Vi legg vekt på spel og leiker som er for alle aldrar. Gruble, Bingo, autografjakten har vore populært hos små og store

Ressursgruppa har bestått av 10 personar m.a. Tahir som er kurder frå Irak og Larysa frå Ukraina. Gruppa har hatt to planleggingsmøte i semesteret.

I september deltok fem frå kulturkaféen på den Nordiske konferansen som vart arrangert i Bergen. Tema var: Building Kingdom Bridges - from Hospitality to Fellowship. Kyrkjevevje John Fredric Wallace og dagleg leiar i Frekhaug sokn Anne Sofie Nergård Uthaug var sentrale i arrangementskomitéen saman med representantar frå Frelsesarmeen og KIA i Bergen. Det var mange viktige tema som opplyste og inspirerte denne helga.

8.11. KYRKJELYDSTUR TIL ALVÆRA MISJONSSENTER

Det var invitert til kyrkjelydstur til Alværa i mars. Arrangementet var avlyst grunna få påmeldingar.

8.12. FREDAGSKAFFI I ALVERSUND

Fredagskaffien har hatt 7 samlingar i 2025. Frammøtet har vore godt med kring 20 deltakarar kvar gong. Det har vore gode innslag med andakt og forteljingar og mykje god song, og kaffi og vaflar.

8.13. BEREDSKAP, SORGGRUPPE, UNDERVISNING

I forbindelse med eit dødsfall var kyrkja i Alver tungt involverte i oppfølging av elevar og tilsette ved Knarvik vidaregåande skule. Både samtalar og møte med tilsette og ei minnemarkering ved skulestart. Her stilte begge diakonane i Alver, organist på Radøy, prost i Nordhordland, prestestudent, sokneprest på Lindås og sokneprest og spesialprest frå Knarvik. Det var fint å vera så godt bemanna og kyrkja gjorde ein god jobb og fekk mange nyttige erfaringar.

Tilbakemeldingane frå skulen, føresette og elevar har vore utruleg gode!

I etterkant blei det i dialog med Knarvik vidaregåande skule oppretta ei sorggruppe for unge frå Nordhordland hausten 2025. Gruppa hadde fem deltakarar og blei leia av diakonane i Alver. Samlingane var i Knarvik kyrkje.

Det har vore ei ordinær sorggruppe for vaksne i Alver året 2025. Denne gruppa var leia av diakon i Radøy og kreftkoordinator i Alver. Gruppa hadde til saman 4 deltakarar. Samlingane var i Knarvik kyrkje og på Alversund kyrkjelydshus.

I tillegg har prestane i soknet vårt ulik oppfølging av enkeltmenneske som treng samtale. Dei tilbyr òg soknebod, nattverd på t.d. sjukeheimen og enkeltsamtalar.

Prestane i soknet vårt vert jamleg spurd om å ha undervisning om tema som sorg, kriser og dødsfall/rutinar rundt død for særleg helse- og barne- og ungdomsklassar ved dei to vidaregåande skulane i Nordhordland. Dette ser kyrkja på som viktig arbeid, og er noko prestane ser som viktig å prioritera og stilla på.

8.14. MISJONSUTVALET

Misjonsutvalet vart oppretta i 2024 og mandat vedtatt i soknerådet.

Etter å ha drøfta korleis utvalet best kunne vere med og setje fokus på at me som kyrkje har eit ansvar for å forkynne evangeliet i heile verda, landa me på opne misjonskveldar i Knarvik kyrkje som ein måte å ta til på. I 2025 inviterte me til 4 slike kveldar, kvar med ulikt fokus på tema og område, den første med tema "100 år med misjon i Kamerun". Vidare deltok me på 2 misjonsgudstenester, begge i Knarvik og begge med videoglimt og informasjon om prosjektet i Estland.

Fram til og med 2025 har me hatt to prosjekt i soknet, Estland og Etiopia. Frå 2026 har soknerådet gjort vedtak om at me får ny avtale om eitt felles prosjekt i heile soknet, Estland.

8.15. INFORMASJONSARBEID

I 2025 har vi oppretta ein ny profil på Facebook: Knarvik sokn, kyrkjene i Alversund, Knarvik, Lygra og Seim. Vi ønsker å fokusere på at vi er eitt sokn med fire kyrkjer. Denne sida har om

lag 1400 følgjarar. Facebook er ein viktig kanal for å koma i kontakt med kyrkjelyden og for å dela informasjon.

I tillegg har kyrkjelydane fleire Facebookgrupper, som Babysang, Knøttekoret osv. Nettsida for Knarvik sokn har adressa www.kyrkja.no/knarvik. Her kjem det mye ulik informasjon: Det er påmeldingsside til dåp, konfirmasjon, vigsel og enkelte arrangement og det er kalender med oversikt over aktivitetar. På heimesida kan ein òg melde seg som fast gjevar til kyrkjelydsarbeidet.

Alle sokna i Alver (pluss Modalen) er med i felles kyrkjelydsblad. Bladet har 8 fellessider og 8 sider frå eige sokn. Bladet kjem ut med fire nummer i året. Inntekter er frivillige gåver og annonsar. Berit Nøst Dale er redaktør for fellesbladet. Lokal redaksjon er Håkon Glatved-Prahl, Arthur Kleiveland og Synnøve Bjørndal.

9. UTVAL, NEMDER OG ANNA VERKSEMD I KYRKJELYDEN

9.1. KYRKJELYDSUTVAL

Seim har hatt eit fint år, med nokre fine konsertar av ulike slag, deriblant Bergen Kirkeautunnale «Lova Love Line», med påfølgjande kyrkjekaffi/kvelds i Borgstova. Helga Bjørke Harnes har teke initiativ til å starte opp med «Stille andakt» i Seim kyrkje ein gong i månaden. Ei stille andakt inneheld nokre enkle bønner og songar og stille refleksjon over søndagens tekst. Det var ei samling i 2025 og det er planlagt 4 samling våren 2026.

Kyrkjelydsutvalet i Lygra har hatt 2 møte. Der er det 5 medlemmer: Lillian Berentsen, Laila Mehl, Elisabeth Mehl Winge, Mona Langenes og Johan Lygre. Johan har vore kyrkjetenar. Han har ringt lenge med kyrkjeklokkene både julaftan og nyttårsaftan. Då har han hatt hjelp av fleire.

9.2. KYRKJELYDSMIDDAG / ARRANGEMENTSKOMITÉEN

Arrangementskomitéen inviterte til kyrkjelydsmiddag etter gudstenesta 5. oktober.

9.3. «ROSEPROSJEKTET»

Mange frivillige er med og deler ut blome og helsing frå kyrkjelyden til dei som fyller 80 år og kvart femte år etter det.

I Knarvik/Alversund sto det 94 namn på lista. I Lygra var det 7 jubilarar som fekk besøk og blome.

9.4. FJON FJELLKYRKJE

Utleiga ved Fjon har tatt seg godt opp att etter koronatida, og er no på eit 'normalt' nivå med utleige til ulike grupper frå organisasjonar og kyrkjelydar i både Nordhordland og Bergens-området. Gledeleg at det årlege olsok-arrangementet stadig samlar fullt hus. Etter nye krav til lyskjelder har vedlikehaldstiltak siste året i stor grad hatt fokus på utskifting av lysarmatur i heile huset.

9.5. ANDRE UTVAL

- Barne- og ungdomsutval
- Frivillighetsutval
- Husnemnd (Knarvik kyrkje)
- Økonomiutval (sjå 8.8)

10. KYRKJA SOM SAMFUNNSAKTØR

Kyrkja er ein viktig institusjon i samfunnet.

Dette var også nemnd av biskop Ragnhild Jepsen i visitasmeldinga:

«De har kloke og vise leiarar i Alver kommune, og eg opplevde at vi deler ei felles forståing av utfordringane i samfunnet. Eg er oppteken av kyrkja si rolle som verdiberar og kulturberar, men òg av kyrkja si rolle i beredskapssamanheng. Der har vi mykje å bidra med – og det blir godt motteke. ...

Kyrkja er ein samfunnsaktør og skal vere ein truverdig medvandrar i lokalsamfunnet. Eg set pris på å høyre at både Lindås og Knarvik har engasjement og tiltak for dei mange flyktningane i sine sokn og i kommunen.»

11. KYRKJEBYGG OG ALVERSUND KYRKJELYDSHUS

11.1. ALVERSUND KYRKJE / FLYGEL

Det har vore god dugnad dette året. Før 17. mai vart det utført enkel utvendig vask av veggjar som hadde mykje soppangrep. Vår lokale smed, Arne, sveisa rekkverket ved kyrkjedøra og det vart måla. Trappenedgangane til kjellar vart høgtrykksspyla i haust. Noko rydding av ugras i gangveg. I samband med soknerådet sitt arbeid med frivilligarbeid er det meldt inn plan om/behov for ei gruppe som kan ta for seg slikt stell av uteområda som driftsavdelinga ved fellesrådet ikkje har kapasitet til.

Innvendig kom det store endringar med innkjøpet av flygel til kr. 525.000-. Initiativet kom alt i 2022, men kom til fullføring i 2025 etter god innsats frå flygelgruppa under Bygdebok for Alversund, m.a. fleire spleisar der mange har ytt sitt. Bygdeboka og Sparebanken Vest (Norge) vart hovudsponsorane som løyste finansieringa til slutt. Flygelet kom på plass til opninga av Alversunddagane 26. mai!

I samarbeid med fellesrådet vart i alt 3 kyrkjebenker tatt ut og omnar demontert og flytta ut. Seinare på hausten vart dette arbeidet fullført med fjerning av leidningar og tetting av golv utført av fellesrådet og golvmalning på dugnad. Grunnlaget for å gjera Alversund kyrkje til ei kulturkyrkje er no etablert og gode krefter lokalt følgjer dette opp.

Nytt flygel har gjort Alversund kyrkje til ei populær konsertkyrkje. Det var 12 konsertar i 2025, mot 2 i 2024. Det vart mellom anna arrangert Talentkonsert i Alversund kyrkje 31.10.25, der Bygdebok for Alversund var arrangør i samarbeid med Soknerådet. Konserten gav eit overskot på ca kr. 10.000,- som vart overført til kyrkja sitt ungdomsarbeid i soknet.

11.2. ALVERSUND KYRKJELYDSHUS

Frå Stiftelsen Alversund kyrkjelydshus v/ Øystein Valle:

Alversund Kyrkjelydshus ynskjer å vere delaktig i formidling av «Den Glade Bodskap».

Dette året var det 25 år sidan huset vart vigsla av biskop Ole D. Hagesæther. Jubileum vart markert 28. september, først med gudsteneste i Alversund kyrkje og deretter samling i

Kyrkjelydshuset. I programmet var helsingar, m.a. frå biskop emeritus Ole D. Hagesæther og ordførar Nina Bognøy, historisk samandrag frå styreleiar, samt kaffi og kaker. Mange folk var samla til ein gild dag.

I desember fekk Stiftelsen overført gåve frå Alversund Indremisjon, der dei hadde ynskje om at del av salsgevinst for Alversund Bedehus, Fosse skulle koma barne- og ungdomsarbeidet i bygda til gode. Stiftelsen vil, etter beste evne, disponere gåva i samsvar med ynskje frå gjevar. Stor takk til Alversund Indremisjon for den unike gåva! Tenkjer den vil bli til signing i arbeidet!

Huset har hatt god etterspurnad i året. Men utan den entusiastiske Kyrkjeringen sin innsats ville drift og likviditet medført større utfordringar for stiftelsen.

Av aktivitetar kan nemnast; barnekor, speidaren, ymse gruppesamlingar, Fredagskafé, Kvardags-gudsteneste, med sosial samling etterpå, samt utleige til ulike samkomer og selskap.

Dette året fekk utleigedelen oppgradert diverse el-installasjonar. I tillegg utført ymse vedlikehald.

Ei stor(!) takk for den dugnadsinnsats som gjer det mogeleg å drive huset.

Takk også for godt samarbeid med Knarvik sokneråd og god hjelp frå kyrkjekontor.



KYRKJERINGEN

Kyrkjeringen har møte ein gong i månaden og arbeider for å skaffa inntekt til drifta av kyrkjelydshuset vårt, laget har no 10 medlemmer.

Hovudaktivitetane er:

- Tilsyn med kyrkjelydshuset gjennom året – kvar vår månad.
- Årleg dugnad med innvendig husvask om våren i samarbeid med stiftinga.
- Basar i midten av februar til inntekt for huset har god oppslutnad frå bygda og gav ca kr.80.000.- som resultat.

Elles har kyrkjeringen deltatt med kyrkjekaffi på opningsdagen av Alversunddagane.

11.3. MINNELUND I KNARVIK

Alver har fått sin første namna minnelund.

Minnelunden på gravplassen i Knarvik vart høgtideleg opna og teke i bruk i oktober. Dette er eit tilbod mange har sakna. Det er laga til eit urnefelt med ferdig plen, det er sett ned plantar, nokre tre og ein benk og plater med plass for namneskilt. Minnelunden skal ferdigstillast i 2026.



12. ØKONOMI / UTLEIGE I KNARVIK KYRKJE OG KYRKJEKJELLAREN

Fast gjevarteneste

Kyrkjelyden har no 36 faste gjevarar og dei har gitt kr. 220.000 i løpet av 2025.

Rekneskap 2025

Pr. 06.03.26 har vi ikkje fått rekneskap for 2025 frå Aider.

Soknet har god likviditet og det er viktig med tanke på lånet som soknet er forplikta til å betale.

Utgifter til avdrag og renter på lånet på kyrkjekjellaren gjer at det ikkje er rom for utvida satsing på barne- og ungdomsarbeidet slik som soknerådet har ønske om.

Knarvik kyrkje - kyrkjekjellaren - renter/avdrag

Soknerådet har ansvar for å betale renter og avdrag på lånet. Lånet var på kr. 5.866.720 pr. 01.09.2025.

	2022		2023		2024		2025	
	Inntekter	Utgifter	Inntekter	Utgifter	Inntekter	Utgifter	Inntekter	Utgifter
Avdrag		266 660		266 660		266 660		266 660
Renter		134 887		289 599		354 908		331 318
Refusjon vask -23						5 740		
Husleige kontor	150 000		150 000		150 000		200 000	
Leigeinntekter konsertar	135 359		83 442		109 607		153 068	
Leigeinntekter kyrkjekjellaren	99 217		106 130		76 800		73 387	
SUM	384 576	401 547	339 572	556 259	336 407	627 308	353 068	597 978
Ta av fond	16 971		216 687		290 901		171 523	

13. SLUTTORD FRÅ SOKNERÅDSLEIAREN

KNARVIK SOKN - er både ungt og gammalt.

Etter samanslåinga i 2019 vart tre sokn med kvar si kyrkje til dagens sokn med fire kyrkjer. Lygra (134 år), Seim (150 år i 2027) og Alversund (150 år i 2029) bærer den lange historia i soknet. Gjennom alle desse åra er det utvikla tradisjonar, fellesskap og aktivitetar som gjennom tida har gitt sterke røter i kyrkjelivet, bygdene og hos kyrkjelemmene.

Knarvik med sine 11 år er eit nytt og ungt tilskot (ein litlebror) i denne samanhengen. Det er store oppgåver og utfordringar knytt til det å etablere eit nytt felles sokn. Vi må evne å ta vare på det som er etablert gjennom arbeid og fellesskap i dei gamle sokna, og samtidig utvikle fellesskap og aktivitetar utifrå dei nye mogelegheitene som eit nytt, stort sokn med eit nytt stor kyrkjebygg gjev.

Endringar tek tid og kan innimellom vere smertefullt, og det må vi gje rom for. I dette er det viktig å arbeide saman utifrå det vi har felles. Troen på Gud og hans nærvær gjennom vår frelsar Jesus Kristus:

Ef 3,17-21 *Må de saman med alle dei heilage få styrke til å fatta breidd og lengd, høgd og djupn, ja, kjenna Kristi kjærleik, som er større enn nokon kan forstå.*

*Må de bli oppfylte med heile Guds fylde! Han som verkar i oss med si kraft
og kan gjera så uendeleg mykje meir enn alt det vi bed om og skjønar, han vere ære i
forsamlinga og i Kristus Jesus gjennom alle slekter og i alle æver! Amen.*